For skogsarbeid var dagsfortenesta vinteren 1962-63 kr. 48,17 på eigen kost — ein auke på 11 prosent frå året før. Dagsfortenesta for skogskøyning med hest var kr. 68,—. Hogstprisane for tømmer vinteren 1962-63 var kr. 20,69 for berkt og kr. 13,85 for uberkt tømmer, eller vel 7 prosent meir enn året før. Prisane for vedhogst auka med om lag 9 prosent.

For kvinneleg arbeidshjelp var månadsløn for tenestejente på arbeidsgjevars kost sommaren 1962 kr. 349,— eller 6,7 prosent meir enn året før. Dagløna auka noko meir. For budeier på månadsløn var auken 9 prosent.

Sett i høve til lønsnivået sommaren 1948 er lønene i jordbruket sommaren 1962 stort sett auka med om lag 150 prosent. Dagsfortenesta for skogsarbeid vinteren 1962-63 er òg auka med 150 prosent, hogstprisane for tømmer med 120—140 prosent og prisane for vedhogst med 114 prosent frå vinteren 1948-49.

Som for tidlegare år syner lønsoppgåvene store variasjonar, slik at medeltala vert usikre. Dette gjeld særleg fylkestala. Det same gjeld dei lønskategoriar der talet på oppgåver er lite.

Ved lønsavtalen frå 15. februar 1960 mellom Jordbrukets Arbeidsgiverforening og Norsk Skog- og Landarbeiderforbund vart den ordinære arbeidstid for vanleg jordbruksarbeid sett ned frå 48 til 45 timar pr. veke i gjennomsnitt for året. Den leiande lønssatsen vart då sett til kr. 4,— pr. time for gardsarbeidar over 21 år med 4 års praksis. Dette gjeld normalløn på eigen kost. Frå 15. januar 1961 vart denne lønssatsen auka til kr. 4,50 pr. time.

Frå 15. januar 1962 gjeld ein 2-års avtale fram til 15. januar 1964. Den leiande satsen vart sett til kr. 5,— pr. time frå 15. januar 1962 og til kr. 5,50 frå 15. januar 1963.

For gartneri og hagebruk og for skogbruk er det særskilde avtalar.

Tabell 62 gjev eit oversyn over sume av tariffsatsane for jordbruket.

Tabell 62. Nokre tariffsatsar frå lønsavtalane.

	Gardsarbeidar over 21 år med 4 års praksis		Fjørsrøktar ved fjøs med 15—19 kyr	Kvinneleg innhjelp over 20 år
	med månadsløn Kr. pr. mnd.	med timeløn (fast arbeid) Kr. pr. time		
Frå 1. mars 1956.....	1650,00	3,25	707,00	2470,00
» 15. januar 1958.....	1710,00	3,55	750,00	2500,00
» 16. juli 1958.....	1734,00	3,67	776,00	2524,00
» 15. februar 1960.....	2760,00	4,00	796,00	2542,00
» 15. januar 1961.....	3855,00	4,50	900,00	2600,00
» 15. januar 1962.....	3950,00	5,00	1 004,00	2660,00
» 15. januar 1963.....	31 045,00	5,50	1 108,00	2720,00

¹ Rekna ut etter 200 timar pr. månad. ² Kost og losji rekna med. ³ Rekna ut etter 190 timar pr. månad.

VIII. Prisar på faste eigedomar

1. Omsetnad av fast eigedom

Byrået sin årlege statistikk over omsetnad av fast eigedom byggjer på tinglysing av heimelsoverføringar. Oppgåvene femnar ikkje ekspropriasjon av grunn til gater og vegar, men gjeld elles all omsetnad av grunn og byggverk. Oppgåvene gjeld både fri og tvungen omsetnad, familiesal og heimelsoverføring ved arv eller gåve. Talet på omsette eigedomar og salssum femnar såleis eigedomar av skiftande slag og verde, like eins som salsverde eller verdsetjing byggjer på skiftande grunnlag.

Tabell VII syner talet på og salssum for all omsetnad av faste eigedomar i byane og bygdene i åra 1956 til 1961. I dei siste åra vart det omsett i alt:

	I byane		I bygdene	
	Eigedomar	Salssum	Eigedomar	Salssum
		1 000 kr.		1 000 kr.
1958	6 579	345 010	35 965	518 015
1959	6 631	380 236	38 459	577 461
1960	7 020	399 627	40 738	664 120
1961	7 037	465 764	41 863	690 863

For eigedomane i bygdene får ein òg oppgåver over matrikkelskylda. Samla skyld ved dei omsette eigedomane har gjennomgåande vori mellom 15 000 og 20 000 skyldmark, eller om lag 3—4 prosent av samla skyld i landet. Det har etter kvart vorti skipa fleire og fleire små eigedomar, og desse vert omsette oftare enn dei større eigedomane. Dette har ført til at medels storleik av omsette eigedomar, målt i skyldmark, har gått ned frå om lag 1 mark i 1930-åra til 35 øre i 1961. I same tidsrom har prisen pr. skyldmark auka til om lag det femdoble, frå 8—9 000 kroner i tretti-åra til om lag 47 500 kroner i 1961.

2. Prisar på jordbrukseigedomar

Særskilt for jordbrukseigedomar vert det utrekna medelprisar pr. skyldmark for eit utval av dei oppgåvene som er nemnde framanfor. Utvalet femnar berre vanlege jordbrukseigedomar i fri omsetnad til framande og med minst 24 øre i skyld.

Det er berre ein mindre del av dei omsette eigedomane i bygdene som har minst 24 øre i skyld. I åra 1950 til 1953 hadde såleis meir enn tre fjerdepartar av dei omsette eigedomane mindre enn 24 øre i skyld. Av eigedomane med minst 24 øre i skyld var om lag to tredjepartar familiesal e.l. og 2—3 prosent tvungne sal. Av resten som vart omsett fritt, var ein stor del ikkje jordbruk, eller jordbruk der hus, lægje o.l. tilhøve hadde gjort at prisen vart svært høg eller låg og difor vart halden utanfor utrekningane.

I 1930-åra var det om lag 3 000 eigedomar som vart lagde til grunn for utrekningane av verdet pr. skyldmark. Sidan 1939 har dette talet gått nedover, og for 1961 vart det nytta oppgåver berre for 1 192 eigedomar med ei samla skyld på 1 979 mark. Dette er 2,9 prosent av eigedomane og 13,8 prosent av matrikkelskylda for alle omsette eigedomar i bygdene utanom Finnmark fylke.

Ved sida av at det etter måten er få eigedomar med i utrekningane, hefter det òg andre lyte ved materialet. Matrikkelen har ikkje vori revidert sidan 1860-åra. Sidan den tida har verde for mange eigedomar vorti mykje brigda, slik at dei etter tilhøva no kan ha svært høg eller låg matrikkelskyld. Vidare vil skilnad i hustilstand, korleis jorda er i hevd, sentral eller avleies lægje osb. føra til at handelsverde utrekna pr. skyldmark skiftar mykje, sjølv for dei eigedomane ein reknar som vanlege jordbruk. Dei einskilde sal kan difor verka sterkt på resultatet. Det er òg ei ulempe at det ofte vantar turvande opplysningar om eigedomane.

Sidan utrekningane av skyldmarksverdet tok til i 1852, har det stort sett vori auke, mest grunna nedgang i pengeverde, men òg mykje på grunn av auken i omsetnad av dei små eigedomane. (Sjå det som er nemnt før og hovudtabell VIII, som syner medelprisen pr. skyldmark i dei einskilde storleiksklassane.)

Vidare har investeringar i bygningar og grunnforbetringar, framsteg i driftsteknikk og samferdsel ført til verdauke.

Gjeldande prisføresegnar for faste eigedomar tek sikte på ei prisregulering i visse distrikt for eigedomar med 1—5 husvære og inntil 10 dekar tomt (frå 15. oktober 1954) og for tomteareal m.v. (frå 1. september 1958).

Jordbrukseigedomar kjem etter 15. oktober 1954 for det meste utanom dei særlege prisføresegnene for fast eigedom, men kjem framleis inn under dei vanlege føresegnene i prislova.

Utrekna medelpris pr. skyldmark for jordbrukseigedomar i 1961 var 23 711 kroner mot 21 624 kroner i 1960. Det er ein auke på 9,7 prosent, mot 5,8 prosent frå 1959 til 1960. Tabell 63 syner skyldmarksverde i relative tal (1938 = 100) og dei årlege brigde i prosent av året før.

Tabell 63. Skyldmarksverde. 1938 = 100.

År	Relative tal	Brigde frå året før i pst.	År	Relative tal	Brigde frå året før i pst.	År	Relative tal	Brigde frå året før i pst.
1914	50	+ 4,4	1930	81	— 7,8	1946	146	— 4,06
1915	53	+ 7,2	1931	75	— 6,7	1947	164	+ 12,30
1916	60	+ 13,6	1932	70	— 7,15	1948	161	— 1,71
1917	90	+ 49,6	1933	71	+ 0,89	1949	184	+ 14,59
1918	128	+ 41,7	1934	76	+ 6,95	1950	189	+ 2,71
1919	137	+ 7,3	1935	83	+ 10,27	1951	189	— 0,10
1920	138	+ 0,8	1936	91	+ 8,88	1952	204	+ 7,85
1921	127	— 8,2	1937	95	+ 4,29	1953	240	+ 17,69
1922	117	— 8,0	1938	100	+ 5,62	1954	248	+ 3,44
1923	113	— 3,2	1939	105	+ 4,66	1955	268	+ 8,04
1924	116	+ 3,1	1940	112	+ 7,23	1956	299	+ 11,54
1925	115	— 1,0	1941	122	+ 8,90	1957	319	+ 6,53
1926	100	— 13,1	1942	132	+ 8,06	1958	352	+ 10,64
1927	92	— 8,5	1943	147	+ 11,15	1959	364	+ 3,26
1928	91	— 0,8	1944	145	— 1,02	1960	385	+ 5,79
1929	88	— 3,3	1945	152	+ 4,45	1961	422	+ 9,65

Tabell 64 syner skyldmarksverde i relative tal (1938 = 100) jamført med vareprisnivået etter Byrået sin engrosprisindeks.

Tabell 64. Engrosprisar og skyldmarksverde. 1938 = 100.

	Engrosprisindeks	Salssum pr. skyldmark	
		Vanlege jordbrukseigedomar i fri omsetnad	Alle omsette eigedomar i bygdene
		Relative tal	
1956	299	299	335
1957	309	319	360
1958	304	352	390
1959	304	364	402
1960	306	385	470
1961	309	422	506

Tabell 65 syner medels skyldmarksverde i kroner for fylka og riket (unnateki Finnmark) i åra 1938 til 1940 og 1957 til 1961 og for femåret 1957—1961.

Dei oppførte medelprisane er både for dei einstilte fylka og for riket utrekna ved å dividera salssummen med samla matrikkelskyld for dei eigedomane som er medtekne.

Sett til høve til 1938, var medelprisen i 1957—1961 i alt gått opp med 267 prosent. For dei einstilte fylka var auken i prosent:

Østfold	272	Rogaland	281
Akershus	303	Hordaland	213
Hedmark	418	Sogn og Fjordane	130
Oppland	284	Møre og Romsdal	206
Buskerud	303	Sør-Trøndelag	197
Vestfold	292	Nord-Trøndelag	236
Telemark	240	Nordland	189
Aust-Agder	266	Troms	306
Vest-Agder	234	Riket (unnateki Finnmark) ..	267

Oppgangen var størst i Hedmark. Deretter kjem Troms, Akershus og Buskerud. Minst var oppgangen i Sogn og Fjordane og Nordland.

Tabell VIII bak i boka syner skyldmarksverdet for eigedomar av ulike storleiksklassar, etter matrikkelskylda. Skyldmarksverdet er størst for dei minste eigedomane og går stort sett ned med aukande bruksstorleik. Prisauken har òg vori størst for dei minste eigedomane. I høve til 1938 var skyldmarksverdet i 1957—1961 i klasse 1 vel seksdobla, i klasse 2 nær femdobla og i klassane 3—6 vel tredobla.

I tabell 66 er det gjevi oppgåver frå skattefutane over talet på alle særskilt skyldsette eigedomar (bruksnummer) og matrikkelskylda. Dersom ein gjer dei utrekna skyldmarksverde for året 1961 og femåret 1957—1961 gjeldande for samla matrikkelskyld i fylka, vil ein få det verdet for landeigedomane i alt som er gjevi i tabellen. Etter denne utrekninga kjem samla verde av landeigedomane i heile riket i medel for femåret 1957—1961 opp i 10 054 mill. kroner.

Tabell 65. Medelprisar pr. skyldmark. Kr.

Bygdene fylkesvis	1938	1939	1940	1957	1958	1959	1960	1961	1957—1961
Østfold	5 889	5 951	6 194	19 594	20 869	21 845	19 440	30 897	21 882
Akershus	6 199	6 661	6 985	22 287	24 358	26 294	26 046	27 547	25 012
Hedmark	4 914	5 225	5 761	21 304	25 026	27 008	27 559	26 488	25 474
Oppland	5 380	5 615	6 164	21 532	21 859	17 874	19 401	22 656	20 678
Buskerud	6 138	6 251	6 811	25 274	20 175	26 368	23 063	32 450	24 723
Vestfold	6 114	6 271	6 634	23 023	22 608	22 681	25 176	25 412	23 968
Telemark	5 615	5 748	5 753	16 706	16 978	15 862	22 845	21 956	19 100
Aust-Agder	5 890	5 934	6 240	18 004	18 646	23 599	21 189	27 187	21 567
Vest-Agder	6 288	6 276	6 386	16 652	22 401	20 985	23 045	22 827	20 997
Rogaland	6 631	7 265	7 553	20 861	25 971	24 036	27 413	29 876	25 252
Hordaland	5 237	5 215	5 715	14 517	17 561	15 862	16 941	17 514	16 415
Sogn og Fjordane	4 621	4 907	5 200	10 040	10 181	11 548	11 590	10 390	10 614
Møre og Romsdal	4 748	5 105	5 287	11 250	13 249	15 045	16 747	19 134	14 505
Sør-Trøndelag	5 197	5 493	5 831	14 915	14 073	14 960	16 711	18 011	15 451
Nord-Trøndelag	4 938	5 021	5 343	12 539	16 812	17 551	17 346	20 127	16 583
Nordland	4 603	4 759	5 212	10 860	12 085	14 369	14 023	16 098	13 305
Troms	5 240	5 197	5 718	17 305	22 197	23 150	23 144	21 183	21 287
Riket (unnteki Finnmark)	5 617	5 879	6 304	17 891	19 794	20 440	21 624	23 711	20 633

Tabell 66. Landeigedomane, matrikkelskyld, skyldmarksverde og utrekna verde fylkesvis.

Fylke	Særskilt skyldsette landeigedomar (bruksnummer) ved utgangen av 1958		Skyldmarksverde		Samla verde av landeigedomar etter gjennomsnittleg skyldmarksverde	
	Tal	Matrikkel-skyld	1957—1961	1961	1957—1961	1961
		Mark	Kr.	Kr.	1 000 kr.	1 000 kr.
Østfold	40 873	36 892	21 882	30 897	807 271	1 139 852
Akershus	78 800	39 033	25 012	27 547	976 293	1 075 242
Hedmark	76 541	52 151	25 474	26 488	1 328 495	1 381 376
Oppland	62 571	49 773	20 678	22 656	1 029 206	1 127 657
Buskerud	57 341	35 779	24 723	32 450	884 564	1 161 029
Vestfold	50 259	26 804	23 968	25 412	642 438	681 143
Telemark	40 209	28 883	19 100	21 956	551 665	634 155
Aust-Agder	27 488	17 555	21 567	27 187	378 609	477 268
Vest-Agder	33 195	15 224	20 997	22 827	319 658	347 518
Rogaland	56 897	22 570	25 252	29 876	569 938	674 301
Hordaland	83 977	28 029	16 415	17 514	460 096	490 900
Sogn og Fjordane ..	30 766	25 521	10 614	10 390	270 880	265 163
Møre og Romsdal ..	53 363	27 539	14 505	19 134	399 453	526 931
Sør-Trøndelag	47 933	29 522	15 451	18 011	456 145	531 721
Nord-Trøndelag ...	31 356	29 577	16 583	20 127	490 475	595 296
Nordland	55 536	17 467	13 305	16 098	232 399	281 184
Troms	32 590	6 880	21 287	21 183	256 040	254 789
Finnmark	21 061	5 148		
Riket	880 756	494 347	20 633	23 711	10 053 625	11 645 525

IX. Arbeidskraft i jordbruket

Frå ymse kjelder ligg det føre statistikk som syner utviklinga med om-syn til sysselsetjinga i dei ymse næringar. Ei viktig kjelde er folketeljingane, som mellom anna syner talet på personar med hovudyrke i ulike næringar på ein gjeven teljingsdag. For dei seinare åra har Arbeidsdirektoratet gjevi månadsoppgåver over sysselsette lønstakarar.

Særskilt for jordbruket er det henta inn oppgåver for utrekning av samla arbeidskraft gjennom eit driftsår, både i samband med dei fullstendige jordbruksteljingane (frå 1929) og ved utvalsteljingar i sume år.

I samband med utvalsteljinga i 1962 vart det såleis henta inn oppgåver over arbeidskrafta i driftsåret 1961—62.

Framgangsmåten ved denne teljinga var stort sett den same som ved tidlegare teljingar. Oppgåvene vart henta inn for dei same bruka som var med ved den årlege teljinga av areal og husdyrhald pr. 20. juni. Oppgåvene for desse bruka vart rekna om til totaltal for alle bruk med over 5 dekar jordbruksareal, og ein nytta talet på brukseiningar som omrekningsfaktor. Desse totaltala kan stort sett jamførast med tala frå dei tidlegare teljingane, med atterhald for sume mindre endringar i teljingsprinsipp og utrekningsmåte.

Oppgåvene er gjevne som tal på personar og dagsverk. Oppgåvene over arbeid «på bruket» skal gjelda alt arbeid med jord- og hagebruk, husdyrhald og skog som høyrer bruket til, og dessutan arbeid med hushaldet på bruket. Arbeid i anna næringsverksemd skulle ikkje vera med. (Ved teljingar før 1959 skulle også særskilt hjelp til hogst og framdrift av tømmer til sal haldast utanfor.)

Samla arbeidskraft er rekna ut som «årsverk». Som eit normalt årsverk er rekna 280 dagsverk. Denne utrekninga er gjord på same måten som før når det gjeld arbeidshjelpa på bruka, men på ein litt annan måte enn før for brukarane sin del.

Oppgåvene over arbeidskrafta var stort sett godt utfylte, og i alt var oppgåver frå 21 584 bruk med ved utrekningane.

I tida frå 1959 til 1962 har det vori sume endringar i storleiken på dei bruka som var med i teljinga. Tabell 67 og 68 syner brukstalet etter storleiken i 1959 og i 1962.

Tabell 67. Talet på bruk etter storleik i 1959.

Jordbruksareal i 1959	Totaltal 1959	Talte bruk i 1962	
		I alt	I pst. av 1959
5,1 — 20 dekar	60 303	5 957	9,88
20,1 — 50 »	75 527	7 461	9,88
50,1 — 100 »	42 126	4 169	9,90
100,1 — 200 »	15 074	2 956	19,61
Meir enn 200 »	5 285	1 041	19,70
I alt	198 315	21 584	10,88

Tabell 68. Talte bruk i 1962 etter arealet i 1959 og 1962.

Jordbruks- areal i 1962	Jordbruksareal i 1959					
	5,1—20 dekar	20,1—50 dekar	50,1—100 dekar	100,1—200 dekar	Over 200 dekar	I alt
0 dekar ¹ ..	411	244	56	30	4	745
Inntil 20 » ...	5 247	238	19	3	1	5 508
20,1— 50 » ...	264	6 569	187	10	—	7 030
50,1—100 » ...	29	402	3 777	146	5	4 359
100,1—200 » ...	5	7	122	2 722	52	2 908
Over 200 » ...	1	1	8	45	979	1 034
I alt	5 957	7 461	4 169	2 956	1 041	21 584

¹ Bruk i 1959, men ikkje sjølvstendige brukseiningar i 1962.

745 av bruka som var med i utvalet, var ikkje lenger sjølvstendige brukseiningar i 1962. Det var mest små bruk, men sume store. Sume var stykkja ut til byggjegrund o.l., andre var fråflytte og lagde øyde, men sume var slegne saman med andre jordbruk.

Ved dei andre bruka hadde arealet auka på nokre og minka på nokre. Årsaka kunne vera nydyrking eller kjøp og sal, leige og bortleige, men i sume tilfelle var det gjevi opp eit nytt areal, av di storleiken på bruket før hadde vori urett.

Innanfor dei storleiksklassane ein har rekna med i tabell 67 var det 19 249 bruk som var av same storleik i baa åra. 884 bruk hadde auka, og 661 bruk var mindre i 1962 enn i 1959, men dei fleste av desse hadde berre gått over til næraste storleiksklasse. Av di ein har ein annan utvalsprosent for bruk med over 100 dekar (20 prosent) enn for bruk inntil 100 dekar (10 prosent), har endringar over denne grensa verknad på utrekningane. Om lag 150 bruk hadde ein slik auke eller nedgang, og nettoendringa over 100-dekars grensa var såleis ikkje nemnande stor.

Tabellane IX og X bak i boka syner dei utrekna totaltala for sjølvstendige brukseiningar (over 5 dekar) i 1962 i dei einskilte fylke og jordbruksområde. I omtalen seinare er totaltala for 1962 jamførte med oppgaver frå tidlegare teljingar, og det er gjevi nokre fleire detaljar for 1962, også for bruk av ulik storleik.

Tabell 69 syner talet på bruk etter kven som var brukar. Ein reknar at bruk der stat, kommune, lutlag eller liknande institusjonar står for drifta, er drivne av «upersonleg brukar». Driftsleiaren er då rekna som frammand hjelp. Det er berre få slike bruk, men det er ofte store bruk, t. d. jordbrukskular o. l.

Av bruk med personleg brukar er dei fleste drivne av gifte menn. Relativt har talet på slike bruk auka, medan talet på bruk drivne av ikkje gift mann eller kvinneleg brukar har gått ned.

Bruk med personleg brukar er grupperte etter om bruket var einaste leveveg, viktigaste leveveg eller ikkje viktigaste leveveg. Til grunn for svaret på dette spørsmålet skulle leggjast, ikkje berre arbeidsinnsats i anna verksemd eller yrke, men også inntekt som ikkje direkte krev arbeid, t. d. trygd, pensjon o.l. Det skulle takast omsyn til tilhøva for brukar og ektefelle under eitt der bruket var drivi av ektepar. Denne grupperinga svarar stort

sett til tidlegare teljingar, der bruka var grupperte etter om det var brukarens einaste yrke, hovudyrke eller attåtårke. Ved formuleringa på oppgaveskjema og rettleiing i 1959 og i 1962 har ein freista gjera det meir klårt enn før, at ikkje berre «yrke» i vanleg meining skulle leggjast til grunn. Svaret på dette spørsmålet må i nokon mon byggja på subjektivt skjønn, der det kan vera tvil om kva som er det viktigaste. Tabell 70 syner bruka etter yrkestilhøva.

Tabell 69. Talet på bruk.

	Bruk i alt	Brukaren er				
		Upersonleg brukar	Mann		Kvinne	
			Gift	Ikkje gift	Gift	Ikkje gift
1939	214 378	704	154 768	39 373	1 379	18 154
1949	213 441	776	162 169	35 065	1 223	14 208
1959	198 315	783	151 889	32 969	1 597	11 077
1962	190 770	678	149 110	28 770	1 003	11 209
Relative tal (bruk i alt = 100)						
1939	100	0,3	72,2	18,4	0,6	8,5
1949	100	0,4	76,0	16,4	0,6	6,6
1959	100	0,4	76,6	16,6	0,8	5,6
1962	100	0,3	78,2	15,1	0,5	5,9

Tabell 70. Bruk med personlege brukarar, etter yrkestilhøva.

	Bruk i alt	Bruket er				Relative tal			
		Einaste yrke	Hovud-yrke	Attåtårke	Utan oppgåve	Bruket er			I alt
						Einaste yrke	Hovud-yrke	Attåtårke	
Bruk i alt med personleg brukar									
1939	213 674	81 381	62 443	64 379	5 471	39,2	30,0	30,8	100
1949	212 665	85 234	53 204	69 851	4 376	40,9	25,5	33,6	100
1959	197 532	77 257	44 620	75 655	—	39,1	22,6	38,3	100
1962	190 092	71 769	37 612	80 711	—	37,8	19,8	42,4	100
Brukaren er mann									
1939	194 141	68 656	58 832	62 307	4 346	36,2	31,0	32,8	100
1949	197 234	74 691	50 785	68 182	3 576	38,6	26,2	35,2	100
1959	184 858	69 858	42 421	72 579	—	37,8	22,9	39,3	100
1962	177 880	66 847	35 894	75 139	—	37,6	20,2	42,2	100
Brukaren er kvinne									
1939	19 533	12 725	3 611	2 072	1 125	69,1	19,6	11,3	100
1949	15 431	10 543	2 419	1 669	800	72,1	16,5	11,4	100
1959	12 674	7 399	2 199	3 076	—	58,4	17,3	24,3	100
1962	12 212	4 922	1 718	5 572	—	40,3	14,1	45,6	100

Utviklinga har stort sett gått den vegen at bruk som ikkje er einaste yrke, meir og meir har vorti attåtyrke, slik at færre bruk er rekna som hovudyrke. Talet på bruk som einaste yrke har gått noko tilbake, men relativt, i høve til samla brukstal, er endringa lita.

Utanom grupperinga av bruka etter yrkestilhøve (leveveg) vart det henta inn oppgåver over arbeidsinnsatsen til brukar og ektefelle på og utanom bruket. Desse oppgåvene vart nytta til utrekning av årsverk utførte på bruket, og denne utrekninga er gjord på ein noko annan måte ved teljinga i 1962 enn før. For mannlege brukarar hadde ein før henta inn oppgåver over dagsverk utanom bruket. Brukarens arbeid på bruket var då rekna lik eit årsverk minus arbeid utanom bruket. I 1962 vart det spurt om arbeid i dagsverk både på og utanom bruket. Sjå tabell 71.

Tabell 71. Arbeid på og utanom bruket. Menn.

	Talet på bruk	Dagsverk pr. år		
		På bruket	Utanom bruket	I alt
Mannlege brukarar:				
Bruket er einaste leveveg	66 847	288	3	291
Bruket er viktigaste leveveg:				
Med inntil 50 dagsverk utanom bruket	11 515	214	22	236
» over 50 » » »	24 379	166	120	286
I alt	35 894	181	89	270
Bruket er ikkje viktigaste leveveg:				
Med inntil 50 dagsverk utanom bruket	10 511	70	3	73
» 51—150 » » »	6 716	132	124	256
» over 150 » » »	57 912	47	241	288
I alt	75 139	58	197	255
Mannlege brukarar i alt	177 880	170	102	272
» ektemakar	1 003	108	137	245
» brukarar og ektemakar i alt	178 883	169	102	271

I medel for alle mannlege brukarar var samla arbeidstid i året 272 dagsverk, eller nær det ein har rekna for eit vanleg årsverk (280 dagsverk). I alle yrkesgruppene var det mange av brukarane som hadde meir enn 280 dagsverk i året. I alt var dette nær 70 000 brukarar, og i medel hadde desse 314 dagsverk i året. I alle yrkesgruppene var det også brukarar med kortare arbeidsår enn 280 dagsverk. I nokon mon kan lite høve til arbeid i sideyrke gje seg utslag i fleire dagsverk på bruket. Særleg kort arbeidsår hadde sume brukarar med bruket som attåtyrke og særst lita verksemd utanom bruket. Desse hadde truleg inntekt av trygd, pensjon o. l., og sume var truleg også mindre arbeidsføre enn brukarar elles.

Arbeidsinnsatsen på bruket var som medel for alle brukarar 170 dagsverk, skiftande frå 288 dagsverk der bruket var einaste yrke, 181 der bruket

var hovudyrke, til 58 dagsverk der bruket var attåtyrke. Det var liten skilnad distriktsvis i talet på dagsverk på bruket innan yrkesgruppene. Etter bruksstorleik var det stort sett aukande tal på dagsverk på bruket med aukande areal, særleg der det var lita verksemd utanom bruket. Sjå tabell 72.

Tabell 72. Mannlege brukarar. Dagsverk på bruket.

Bruksstorleik	Bruket var					
	Einaste leveveg	Viktigaste leveveg		Ikkje viktigaste leveveg		
		Med dagsverk utanom bruket				
		Inntil 50	Over 50	Inntil 50	51—150	Over 150
5,1— 10 dekar	253	149	142	43	109	31
10,1— 20 »	262	169	150	65	125	45
20,1— 35 »	275	202	164	84	135	56
35,1— 50 »	285	224	171	95	145	57
50,1— 75 »	291	230	173	104	137	58
75,1—100 »	294	242	170	105	149	61
100,1—200 »	298	252	165	..	160	64
200,1—500 »	298	258	156	..	180	45
Over 500 »	291	290	167	20
I alt	288	214	166	70	132	47

I tabell 73 er oppgåvene for 1962 jamførte med dei tidlegare teljingane. Av di utrekningsmåten ikkje er heilt den same, er tala ikkje heilt jamførbare. Oppgåvene tyder likevel på at bruk som er attåtyrke har mindre å seia enn før, rekna som arbeidsplass for brukaren.

Tabell 73. Mannleg brukars arbeid på bruket i dagsverk.

	Bruket var			Medel for alle bruk
	Einaste yrke	Hovud- yrke	Attåt- yrke	
1939 ¹	280	200	95	187
1949 ¹	280	193	79	187
1959 ¹	280	185	70	175
1962 ²	288	181	58	169

¹ Fullt årsverk (280 dagsverk) minus arbeid utanom bruket. ² Medeltal av beinveges oppgåver.

For kvinnelege brukarar og ektemakar vart det i 1962 henta inn oppgåver over kor stor del av arbeidstida som fall på hushaldet, på anna arbeid på bruket (stell av dyr, utarbeid m.v.) og på arbeid utanom bruket. Oppgåvene vart gjevne i prosent av arbeidsåret. Sjå tabell 74.

Tabell 74. Arbeid på og utanom bruket. Kvinner.

	Talet på bruk	Arbeid i prosent av arbeidsåret			
		På bruket		Utanom bruket	I alt
		Hushald	Anna arbeid		
Brukarar:					
Bruket er:					
Einaste leveveg	4 922	57,3	42,7	—	100
Viktigaste leveveg.	1 718	57,7	35,0	7,3	100
Ikkje viktigaste leveveg.	5 572	69,6	17,1	13,3	100
Brukarar i alt	12 212	62,9	30,0	7,1	100
Ektemake med berre hushalds-					
arbeid	23 697	100,0	—	—	100
Ektemake elles	125 413	65,4	33,1	1,5	100
Ektemakar i alt.	149 110	70,8	27,9	1,3	100
Brukarar og ektemakar i alt .	161 322	70,2	28,0	1,8	100

I medel var det lite av arbeidstida som gjekk med til arbeid utanom bruket, 1,8 prosent eller om lag 5 dagsverk av eit vanleg arbeidsår. Etter jordbruksteljinga i 1959 var det berre få av dei kvinnelege brukarar og ektemakar som arbeidde utanom bruket (ca. 6 prosent). I medel hadde desse 151 dagsverk utanom bruket, svarande til om lag 9 dagsverk i medel for alle kvinnelege brukarar og ektemakar. Jamvel der bruket var attåtårke, var det lite arbeid utanom bruket. Også i det høve kan det vera inntekt av trygd og pensjon som gjer at bruket er rekna som attåtårke, men det kan òg vera mannens inntekt. Av arbeidet på bruket gjekk det meste til hushaldet. Mange av ektemakane — 16 prosent — hadde berre husarbeid. I medel for alle brukarar og ektemakar gjekk 70 prosent av arbeidstida med til hushaldet og 28 prosent til anna arbeid på bruket. Denne prosenten var om lag den same i alle landsluter, men noko lægre i flatbygdene på Austlandet enn elles i landet, og lægre på dei minste og dei største bruka enn på dei mellomstore. Sjå tabell 75.

Tabell 75. Kvinnelege brukarar og ektemakar.

Bruksstorleik	Arbeid i prosent av året		
	På bruket		Utanom bruket
	Hushald	Anna arbeid	
5,1— 10 dekar	81,2	15,5	3,3
10,1— 20 »	73,4	24,1	2,5
20,1— 35 »	68,2	30,1	1,7
35,1— 50 »	66,7	32,2	1,1
50,1— 75 »	64,9	34,0	1,1
75,1—100 »	67,5	31,9	0,6
100,1—200 »	71,0	27,8	1,2
200,1—500 »	81,5	17,6	0,9
Over 500 »	91,2	6,8	2,0
I alt	70,2	28,0	1,8

Arbeidshjelpa på bruka vart oppgjeven i 1962, som ved tidlegare teljingar, som tal på personar i fast arbeid og tal på dagsverk utført av tilfeldig hjelp. Oppgåvene er gjevne særskilt for familiemedlemmer (utanom brukar og ektemake) og for framand (leigd) hjelp, særskilt for menn og kvinner, i sommarhalvåret og vinterhalvåret. Oppgåvene gjeld berre arbeids-hjelp over 15 år. Tabell 76 syner talet på personar og dagsverk.

Tabell 76. Arbeidshjelp på bruka. Menn og kvinner.

	Fast hjelp Personar		Tilfeldig hjelp 1 000 dagsverk	
	Sommar	Vinter	Sommar	Vinter
1938—39.....	269 953	225 985	7 050	3 004
1948—49.....	189 069	156 546	6 144	2 425
1958—59.....	93 787	75 446	4 482	1 971
1961—62.....	82 685	58 294	5 153	1 495

Tabell 77 syner talet på personar som ein kan rekna er i fast verksemd på bruka om sommaren. Det er brukarar med bruket som eine- eller hovudyrke, ektemake til mannlege brukarar og den faste arbeidshjelpa.

Tabell 77. Folkemengda på bruka.

	Talet på personar					Personar i alt på bruka
	Fast sysselsette			Ikkje fast sysselsette		
	Menn	Kvinner	I alt	Brukarar	Andre familie- medlemmer	
1939.....	263 792	310 280	574 072	65 702	386 486	1 026 260
1949.....	221 893	272 267	494 160	70 966	387 488	952 614
1959.....	164 894	205 735	370 629	74 176	300 317	745 122
1962.....	150 578	196 270	346 848	76 142
	Relative tal					
1939.....	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0
1949.....	84,1	87,7	86,1	108,0	100,3	92,8
1959.....	62,5	66,3	64,6	112,9	77,7	72,6
1962.....	57,1	63,3	60,4	115,9

Desse tala syner i store trekk korleis sysselsetjinga i jordbruket (med husarbeid) har gått tilbake.

Tabellane 78 og 79 syner den meir detaljerte utrekninga av den samla arbeidskrafta, både fast og tilfeldig, i årsverk.

Tabell 78. Mannleg arbeidskraft i 1958—59 og 1961—62.
Personar, dagsverk og årsverk.

	1958—59		1961—62		Endring frå 1958—59	
	Talet på personar	Årsverk	Talet på personar	Årsverk	Årsverk	Prosent
Brukarar og mannlege ektemakar						
Med bruket som einaste yrke ...	70 664	70 664	66 847	68 880
» » » hovudyrke	42 712	28 472	35 894	23 240
» » » attåtårke	73 079	18 159	75 139	15 617
I alt brukarar	177 880	107 737
I alt ektemakar	1 003	389
Brukarar og mannlege ektemakar i alt	186 455	117 295	178 883	108 126	— 9 169	— 7,8
Fast hjelp:						
Familiemedlemar { Sommar ...	36 279	18 140	34 646	17 323	— 817	— 4,5
{ Vinter	26 397	13 198	22 158	11 079	— 2 119	— 16,1
Framand hjelp { Sommar	16 336	8 168	13 091	6 596	— 1 572	— 19,2
{ Vinter	13 595	6 798	9 292	4 646	— 2 152	— 31,7
Fast hjelp i alt	46 304	..	39 644	— 6 660	— 14,4
Tilfeldig hjelp:						
Familiemedlemar { Sommar ...	1 546 053	5 528	1 989 626	7 107	+ 1 579	+ 28,6
{ Vinter	508 819	1 828	545 104	1 947	+ 119	+ 6,5
Framand hjelp { Sommar	1 340 742	4 795	1 522 738	5 439	+ 644	+ 13,4
{ Vinter	800 944	2 871	494 827	1 768	— 1 103	— 38,4
Tilfeldig hjelp i alt	4 196 558	15 022	4 552 295	16 261	+ 1 239	+ 8,2
Årsverk i alt		178 621		164 031	— 14 590	— 8,2
Av desse { Brukarar og mann-		117 295		108 126	— 9 169	— 7,8
{ lege ektemakar ...		38 694		37 456	— 1 238	— 3,2
{ Familiemedlemar ...		22 632		18 449	— 4 183	— 18,5
{ Framande						
Av arbeidshjelpa { Sommar ...		36 631		36 465	— 166	— 0,5
{ Vinter		24 695		19 440	— 5 255	— 21,3

Samla mannleg arbeidskraft var i 1961—62 164 000 årsverk. Dette er ein nedgang på vel 8 prosent i treårsperioden frå 1958—59. Ein stor del av nedgangen fell på årsverk utførte av brukarane sjølve. Dette heng saman med nedgangen i talet på sjølvstendige brukseiningar og auken i talet på attåtårkebruk. Noko av nedgangen kjem òg av at det er rekna med færre dagsverk i yrkesgruppene hovudyrke og attåtårke.

Arbeidsinnsatsen pr. brukar går fram av tala nedanfor, over årsverk på bruket, i medel pr. brukar.

Bruket var:

	Einaste yrke	Hovudyrke	Attåtyrke	Medel for alle yrkesgrupper
1939.....	1,00	0,50	0,30	0,68
1949.....	1,00	0,70	0,30	0,67
1959.....	1,00	0,66	0,25	0,63
1962.....	1,02	0,65	0,22	0,61

Særleg ved teljinga i 1962 har utrekningsmåten ført til noko sterkare differensiering av arbeidsinnsatsen til brukaren. Dette kjem særleg til syne i tala for utrekna årsverk i dei einskilde storleiksklassane. Sjå tabell 80.

Arbeidshjelpa frå familiemedlemer (utanom brukarane) synte liten nedgang frå 1958-59 til 1961-62, men det var sterk nedgang i framand hjelp.

Kvinneleg arbeidskraft (sjå tabell 79) vart utrekna til 197 000 årsverk i 1961-62. Dette er ein nedgang frå 1958-59 på vel 4 prosent. Berre ein liten part av nedgangen fell på arbeid av brukarar og ektemakar, medan arbeidshjelpa, både av familiemedlemer og framande, synte sterk nedgang.

Tabell 80 gjev eit oversyn over arbeidskrafta i årsverk i 1961-62 i høve til 1958-59 i dei ymse landsluter og bruksklassar.

Det var størst nedgang i mannleg arbeidskraft på Austlandet og i Agder, der framand hjelp har gått sterkt ned. Den sterke nedgangen for dei minste bruka kjem mykje frå nedgangen i talet på brukseiningar, men også frå utrekningsmåten, med sterkare differensiering av brukarane sitt arbeid.

På Vestlandet var det ein liten auke i arbeidskrafta. Dette gjorde seg gjeldande i dei nordlegaste kyststroka i denne landsluten, og kan ha samband med mindre høve til anna verksemd i teljingsåret.

Tabell 81 syner arbeidskraft i årsverk etter dei teljingane som er haldne, frå 1929 til 1962.

Tabell 82 syner kor stor prosent av samla arbeidskraft som fell på brukar og ektemake, familiehjelp og framand hjelp.

Tabell 83 syner samla arbeidskraft utrekna pr. bruk og pr. 100 dekar jordbruksareal. Mannleg arbeidskraft pr. bruk aukar med bruksstorleiken, medan arbeidskraft pr. arealeining minkar med aukande bruksstorleik. Dette verkar også på tala for dei ymse distrikt. Kvinneleg arbeidskraft pr. bruk varierer mindre etter bruksstorleik, men arbeidskraft pr. arealeining varierer meir etter bruksstorleik for kvinner enn for menn.

Tabell 84 syner talet på bruk grupperte etter fast arbeidshjelp. I samsvar med nedgangen i arbeidshjelp var det også nedgang i talet på bruk med fast hjelp.

Tabell 85 syner bruka med omsyn til arbeidshjelp og husdyrhald. Berre 11 prosent av bruka var heilt utan husdyrhald, for det meste bruk med 5,1—20 dekar jordbruksareal. I denne bruksklassen var $\frac{1}{4}$ av bruka utan husdyr. Relativt flest bruk med husdyr var det i storleiksklassen 50,1—100 dekar, og i landslutene Vestlandet og Trøndelag. Dei same landslutene hadde òg relativt flest bruk med fast hjelp.

Tabell 79. Kvinneleg arbeidskraft i 1958—59 og 1961—62.
 Personar, dagsverk og årsverk.

	1958—59		1961—62		Endring frå 1958—59	
	Talet på personar	Årsverk	Talet på personar	Årsverk	Årsverk	Prosent
Kvinnelege brukarar	12 212	11 372
» ektemakar	149 110	147 169
I alt	164 563	159 437	161 322	158 541	— 896	— 0,6
Fast hjelp:						
Familiemedlemer { Sommar ...	34 133	17 066	29 803	14 901	— 2 165	— 12,7
» Vinter	29 346	14 673	23 115	11 558	— 3 115	— 21,2
Framand hjelp { Sommar	7 039	3 520	5 145	2 572	— 948	— 26,9
» Vinter	6 108	3 054	3 729	1 865	— 1 189	— 38,9
Fast hjelp i alt	38 313	..	30 896	— 7 417	— 19,4
Tilfeldig hjelp:						
Familiemedlemer { Sommar ...	924 774	3 312	992 976	3 546	+ 234	+ 7,1
» Vinter	434 872	1 561	318 325	1 137	— 424	— 27,2
Framand hjelp { Sommar	670 692	2 409	647 959	2 315	— 94	— 3,9
» Vinter	226 592	818	136 855	490	— 328	— 40,1
Tilfeldig hjelp i alt	2 256 930	8 100	2 096 115	7 488	— 612	— 7,6
Årsverk i alt:		205 850		196 925	— 8 925	— 4,3
Av desse { Kv. brukarar og kv.		159 437		158 541	— 896	— 0,6
» ektemakar		36 612		31 142	— 5 470	— 14,9
» Familiemedlemer...		9 801		7 242	— 2 559	— 26,1
» Framande						
Av arbeidshjelpa { Sommar ...		26 307		23 334	— 2 973	— 11,3
» Vinter		20 106		15 050	— 5 056	— 25,1

Tabell 80. Årsverk i 1962 i prosent av 1959.

	Menn				Kvinner			
	Brukar og ekte- make	Familie- hjelp	Framand hjelp	I alt	Brukar og ekte- make	Familie- hjelp	Framand hjelp	I alt
Landsluter:								
Austlandet ..	88,1	89,1	73,8	85,3	99,4	78,2	74,1	94,6
Agder	82,3	83,8	51,6	79,6	100,0	80,4	52,4	95,5
Vestlandet ..	98,4	106,7	104,3	100,8	100,0	92,5	73,5	97,4
Trøndelag ..	99,7	90,9	95,8	97,0	99,4	73,4	72,7	92,6
Nord-Noreg .	88,0	100,6	113,0	92,3	98,6	92,1	81,6	97,1
I alt	92,2	96,8	81,5	91,8	99,4	85,1	73,9	95,7
Bruksklassar:								
5,1— 20 dekar	62,4	90,9	89,7	68,6	92,5	83,0	75,2	91,1
20,1— 50 »	94,1	101,5	81,4	95,2	103,4	88,7	78,0	99,9
50,1—100 »	102,3	96,2	83,6	99,1	102,5	86,2	75,8	97,3
Over 100 »	105,4	95,1	81,2	95,0	100,5	77,3	69,5	91,9

Tabell 81. Samla arbeidskraft i årsverk.

År	Brukarar og ektemakar		Andre familie-medlemer		Framand arbeidshjelp		I alt	
	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner
1928—29....	124 390	172 265	86 945	92 872	46 178	46 605	257 513	311 742
1938—39....	131 151	174 301	91 134	92 745	53 981	45 991	276 266	313 037
1948—49....	132 950	177 600	67 729	75 791	36 280	23 610	236 959	277 001
1951—52....	131 600	179 100	55 000	62 900	26 600	16 800	213 200	258 800
1953—54....	125 600	175 200	48 400	53 300	21 400	13 300	195 400	241 800
1955—56....	123 400	170 800	47 900	49 400	19 800	12 100	191 100	232 300
1958—59....	117 295	159 437	38 694	36 612	22 632	9 801	178 621	205 850
1961—62....	108 126	158 541	37 456	31 142	18 449	7 242	164 031	196 925

Tabell 82. Samla arbeidskraft i prosent. Årsverk i alt = 100.

	Menn			Kvinner		
	Brukar, ektemake	Arbeidshjelp		Brukar, ektemake	Arbeidshjelp	
		Familie-medlemer	Framand hjelp		Familie-medlemer	Framand hjelp
1938—39.....	47,5	33,0	19,5	55,7	29,6	14,7
1948—49.....	56,1	28,6	15,3	64,1	27,4	8,5
1958—59.....	65,7	21,6	12,7	77,4	17,8	4,8
1961—62.....	65,9	22,8	11,3	80,5	15,8	3,7

Tabell 83. Årsverk pr. bruk og pr. 100 dekar.

	Menn		Kvinner		I alt	
	Pr. bruk	Pr. 100 dekar	Pr. bruk	Pr. 100 dekar	Pr. bruk	Pr. 100 dekar
1939.....	1,29	2,51	1,46	2,85	2,75	5,36
1949.....	1,11	2,31	1,30	2,70	2,41	5,01
1959.....	0,90	1,78	1,04	2,05	1,94	3,83
1962.....	0,86	1,66	1,03	1,99	1,89	3,65
1962						
Landsluter:						
Austlandet	0,90	1,30	1,00	1,44	1,90	2,74
Agder	0,62	2,09	0,92	3,09	1,54	5,18
Vestlandet	0,95	2,22	1,08	2,52	2,03	4,74
Trøndelag	1,07	1,66	1,05	1,64	2,12	3,30
Nord-Noreg	0,61	1,86	1,05	3,18	1,66	5,04
Bruksklassar:						
5,1— 20 dekar...	0,34	2,67	0,94	7,40	1,28	10,07
20,1— 50 » ...	0,77	2,25	1,03	3,01	1,80	5,26
50,1—100 » ...	1,21	1,72	1,11	1,57	2,32	3,29
Over 100 » ...	1,84	1,00	1,14	0,61	2,98	1,61

Tabell 84. Prosent bruk med fast hjelp om sommaren.

	Bruk i alt	Bruk med fast hjelp om sommaren								
		Berre kvinneleg hjelp	Berre mannleg hjelp	Både kvinneleg og mannleg hjelp	I alt	Bruk med fast mannleg hjelp		Bruk med		
						I mann	2 eller fleire menn	Berre familie-hjelp	Berre fra-mand hjelp	Både familie- og fra-mand hjelp
1959.....	100	10,5	12,1	7,9	30,5	16,2	3,8	23,7	5,0	1,8
1962.....	100	8,1	11,6	8,0	27,7	16,0	3,6	21,8	4,1	1,8
Landsluter:										
Austlandet.....	100	7,3	12,7	6,2	26,2	14,5	4,4	17,3	6,4	2,5
Agder.....	100	8,2	7,1	3,5	18,8	9,5	1,1	16,5	1,9	0,4
Vestlandet.....	100	9,8	12,6	11,5	33,9	20,5	3,6	29,1	3,1	1,7
Trøndelag.....	100	7,8	13,6	8,9	30,3	18,1	4,4	23,3	4,9	2,1
Nord-Noreg.....	100	7,7	8,4	7,3	23,4	13,1	2,6	20,5	1,7	1,2
Bruksklassar:										
5,1— 20 dekar	100	6,2	3,7	3,8	13,7	6,5	1,0	11,8	1,5	0,4
20,1— 50 »	100	8,6	8,8	7,7	25,1	14,4	2,1	22,3	2,1	0,7
50,1—100 »	100	10,6	16,2	11,1	37,9	22,8	4,5	31,4	3,9	2,6
Over 100 »	100	6,4	33,2	14,4	54,0	32,8	14,8	27,1	18,9	8,0

Tabell 85. Prosent bruk utan og med hjelp, utan og med husdyrhold i 1962.

	Bruk i alt	Utan hjelp	Med hjelp		Bruk	
			Utan fast ¹ hjelp om sommaren	Med fast hjelp om sommaren	Utan husdyr	Med husdyr
Landsluter:						
Austlandet.....	100	34,7	39,1	26,2	15,3	84,7
Agder.....	100	50,8	30,4	18,8	18,5	81,5
Vestlandet.....	100	34,7	31,4	33,9	6,1	93,9
Trøndelag.....	100	26,9	42,8	30,3	6,4	93,6
Nord-Noreg.....	100	37,9	38,7	23,4	11,3	88,7
I alt.....	100	35,4	36,9	27,7	11,2	88,8
Bruksklassar:						
5,1— 20 dekar...	100	56,8	29,5	13,7	23,8	76,2
20,1— 50 » ...	100	35,3	39,5	25,1	7,5	92,5
50,1—100 » ...	100	20,1	42,0	37,9	4,0	96,0
Over 100 » ...	100	9,6	36,4	54,0	4,4	95,6

¹ Berre tilfeldig.

Ved teljinga i 1962 vart det rekna ut samla arbeidskraft i årsverk på dei einskilde bruka, medrekna brukar og ektefelle, på same måten som for dei totale rikstala. Tabell 86 syner talet på bruk etter jordbruksareal og arbeidskraft. Tabell 87 syner tala for hovudgrupper i dei einskilte landsluter. Det er stort sett samsvar mellom bruksstorleik og arbeidskraft, men tabellen syner også sume avvik, med stor arbeidskraft på små bruk og lita arbeidskraft på store bruk. Det kan vera ulike årsaker til desse avvika i dei ymse distrikt. Særleg stor arbeidskraft i høve til bruksstorleiken kan tyda på sterk drift, med hagevokstrar, husdyrhald o.l. arbeidskrevjande produksjon, men det kan òg ha si årsak i vanskar med arbeid utanom bruket i avsides strok. Særleg lita arbeidskraft etter storleiken på bruket kan tyda på svak driftsmåte — eller ein særleg høg grad av mekanisering og rasjonell driftsmåte.

Av di husarbeid er rekna med, er det få bruk med mindre enn 1 årsverk, sjølv når det gjeld dei minste bruka. Over halvparten av bruka opp til 50 dekar hadde 1—2 årsverk pr. bruk. Bruk over 50 dekar hadde for det meste meir enn 2 årsverk, og først når ein kjem over 200 dekar, har dei fleste bruka meir enn 3 årsverk.

Tilhøva er om lag dei same i dei ymse landslutene, men Vestlandet og Trøndelag har etter måten mange små bruk med stor arbeidskraft, medan Austlandet og Nord-Noreg har mange større bruk med lita arbeidskraft.

Som nemnt før, femnar desse utrekningane i årsverk også hushald og skogsarbeid på bruket. Til stønad for utrekningar av arbeidskraft i sjølve jordbruket, vart det ved teljinga i 1959 spurt om kor mykje av arbeidet på bruket som galdt skogsarbeid og husarbeid, i dagsverk, både for brukar og ektemake og for familiehjelp og framand hjelp.

Særleg for kvinnelege brukarar og ektemakar var oppgåvene ufullstendige. Difor vart spørsmålet for desse teki opp att ved teljinga i 1962 (sjå side 56). Nedanfor er husarbeid utført av arbeidshjelpa i 1961-62, rekna ut etter same prosent som teljinga i 1959 synte. Dersom ein også reknar med same prosent skogsarbeid og husarbeid for menn som i 1959, kjem ein fram til desse tala for reint jordbruksarbeid i 1961-62:

	Årsverk		
	Menn	Kvinner	I alt
Brukarar og ektemakar	98 200	45 300	143 500
Familiehjelp	35 300	16 100	51 400
Framand hjelp.....	14 000	4 300	18 300
I alt	147 500	65 700	213 200

Samla arbeidskraft på bruka kan ein såleis dela på jordbruk, skogbruk og hushald, i tusen årsverk:

	Jordbruk	Skogbruk	Hushald	I alt
1958—59.....	229,3	15,3	139,8	384,4
1961—62.....	213,2	12,9	134,8	360,9
Menn	147,5	12,9	3,6	164,0
Kvinner	65,7	—	131,2	196,9

¹ Husmoras arbeid omrekna etter resultatata frå teljinga i 1962.

Skogsarbeidet gjeld her berre gardsskog som høyrer til jordbruka. Etter skogbruksteljinga i 1957 (NOS XII 21) var samla arbeidsinnsats i skogbruket i driftsåret 1956-57 7,7 mill. dagsverk. Omrekna til årsverk à 280 dagsverk svarar dette til 27 700 årsverk. Av dette var 7 600 årsverk eige arbeid (eigar og familiemedlemer) og 20 100 årsverk leigd hjelp.

Tabell 86. Bruka etter samla arbeidskraft.

Jordbruksareal	Prosent bruk der arbeidskrafta i årsverk var:					Bruk i alt
	0—1	1,1—2	2,1—3	3,1—4	Meir enn 4	
5,1— 10 dekar..	19,9	75,1	3,3	1,2	0,5	100
10,1— 20 » ..	14,1	74,1	8,8	2,3	0,7	100
20,1— 35 » ..	8,7	68,4	18,0	3,8	1,1	100
35,1— 50 » ..	4,9	51,7	33,2	7,8	2,4	100
50,1— 75 » ..	3,3	36,6	43,1	12,0	5,0	100
75,1—100 » ..	2,2	23,7	52,4	15,9	5,8	100
100,1—200 » ..	1,6	15,6	49,4	25,0	8,4	100
200,1—500 » ..	0,6	7,0	32,9	32,9	26,6	100
Over 500 » ..	—	—	10,7	13,4	75,9	100
Bruk i alt	8,1	53,4	26,5	8,5	3,5	100

Tabell 87. Prosent bruk etter samla arbeidskraft. Landsluter.

Landsluter	Bruksklassar	Årsverk pr. bruk					Bruk i alt
		0—1	1,1—2	2,1—3	3,1—4	Meir enn 4	
Austlandet	5,1— 20 dekar	18,9	74,4	5,2	0,9	0,6	100
	20,1— 50 »	8,3	65,2	21,7	3,9	0,9	100
	50,1—100 »	4,3	40,4	41,4	10,4	3,5	100
	Over 100 »	1,8	15,5	44,3	24,2	14,2	100
Agder	5,1— 20 »	24,7	68,8	5,4	1,1	—	100
	20,1— 50 »	8,9	62,0	24,9	3,9	0,3	100
	50,1—100 »	5,0	40,0	41,5	11,4	2,1	100
	Over 100 »	—	4,8	47,6	19,1	28,5	100
Vestlandet	5,1— 20 »	14,2	72,1	9,7	3,2	0,8	100
	20,1— 50 »	5,2	53,7	30,1	8,6	2,4	100
	50,1—100 »	1,3	23,3	49,9	17,7	7,8	100
	Over 100 »	0,6	8,8	41,7	34,7	14,2	100
Trøndelag	5,1— 20 »	12,5	77,2	7,5	2,4	0,4	100
	20,1— 50 »	4,7	59,1	27,5	6,0	2,7	100
	50,1—100 »	2,0	24,9	53,4	13,7	6,0	100
	Over 100 »	0,4	6,4	47,1	31,6	14,5	100
Nord-Noreg	5,1— 20 »	12,5	78,0	6,4	2,2	0,9	100
	20,1— 50 »	8,1	66,4	19,6	4,1	1,8	100
	50,1—100 »	4,0	38,8	43,1	10,4	3,7	100
	Over 100 »	1,4	22,6	47,2	21,3	7,5	100

Tabellar

Tabell I. Jordbruks-

	Østfold	Akershus og Oslo	Hed- mark	Opp- land	Buske- rud	Vest- fold	Tele- mark	Aust- Agder
Kveite	16 365	10 127	24 768	7 603	5 307	5 295	3 177	229
Rug	3 860	2 329	979	1 416	580	6 099	1 317	—
Bygg	253 799	195 361	257 553	221 934	114 078	163 962	38 702	10 404
Havre	85 161	144 437	108 975	18 101	43 843	45 496	13 575	2 456
Blandkorn	1 778	2 786	648	3 249	576	548	4	—
Erter	148	46	60	98	24	97	—	—
Korn og erter i alt	361 111	355 086	392 983	252 401	164 408	221 497	56 775	13 089
Grønfør	1 273	2 059	12 704	16 493	4 598	960	2 631	2 194
Poteter	29 537	33 399	60 972	56 395	18 731	31 422	16 586	10 926
Førnepe	698	519	4 468	2 082	499	441	134	613
Kålrot	13 164	12 842	9 961	5 031	5 244	9 077	3 422	1 992
Fôrbete	464	41	229	20	393	739	187	731
Fôrmergkål	2 807	3 540	3 024	1 953	1 009	1 420	430	63
Rotvokstrar og fôrmergkål i alt	17 133	16 942	17 682	9 086	7 145	11 677	4 173	3 399
Grønsaker	7 410	3 993	3 990	2 440	6 051	7 045	2 158	3 184
Jordbær	23 977	53 905	19 245	16 145	30 081	26 633	18 870	7 520
Bringebær.....								
Andre vokstrar på åker og i hage Brakk								
Åker og hage i alt	459 382	484 129	514 122	360 491	241 966	313 432	108 712	42 052
Eng til slått:								
Fulldyrka	208 992	218 824	330 943	350 097	172 975	93 737	136 535	81 233
Natureng og overflatedyrka	6 993	8 022	23 789	49 794	28 171	4 050	16 869	4 272
Kulturbeite:								
Fulldyrka	70 591	81 290	34 728	21 850	24 375	39 501	23 974	11 279
Natureng og overflatedyrka	23 281	37 235	68 482	90 220	30 255	15 896	24 675	8 038
Eng ikkje nytta:								
Fulldyrka	4 543	8 600	6 070	4 664	4 302	4 128	10 594	7 989
Natureng og overflatedyrka	5 143	15 075	27 427	21 603	9 413	2 850	6 008	1 548
Jordbruksareal i alt	778 925	853 175	1 005 561	898 719	511 457	473 594	327 367	156 411

arealet 1962. Dekar.

Vest-Agder	Rogaland	Hordaland og Bergen	Sogn og Fjordane	Møre og Romsdal	Sør-Trøndelag	Nord-Trøndelag	Nordland	Troms	Finnmark	I alt
480	5 453	13	17	467	3 311	14 829	—	—	—	97 441
249	86	—	—	—	603	268	—	—	—	17 786
6 458	42 305	1 780	1 842	23 594	107 064	194 363	7 234	164	—	1 640 597
1 531	27 177	464	103	3 651	13 675	20 021	712	—	—	529 378
—	29	—	—	—	368	38	—	—	—	10 024
—	—	1	—	—	28	—	—	—	—	502
8 718	75 050	2 258	1 962	27 712	125 049	229 519	7 946	164	—	2 295 728
3 359	6 980	4 673	5 217	9 670	9 732	6 922	13 903	5 354	634	109 356
10 441	41 739	20 830	19 171	28 290	30 184	51 607	28 062	13 854	1 635	503 781
178	3 472	588	1 185	3 998	7 262	11 319	1 076	85	117	38 734
912	6 134	1 945	1 409	2 006	1 350	4 605	407	214	—	79 715
1 080	9 528	205	28	685	—	22	2	—	—	14 354
866	6 634	1 086	750	651	1 032	1 049	379	—	—	26 693
3 036	25 768	3 824	3 372	7 340	9 644	16 995	1 864	299	117	159 496
1 236	6 829	1 299	724	1 735	1 197	2 777	1 192	781	104	54 145
7 676	17 800	27 227	16 769	12 624	9 618	7 782	3 894	277	12	300 055
1 359	1 340	1 654	601	5 321	2 649	3 513	3 720	1 042	700	108 071
35 825	175 506	61 765	47 816	92 692	188 073	319 115	60 581	21 771	3 202	3 530 632
123 827	216 589	264 137	230 136	316 253	383 913	295 743	446 573	276 835	88 117	4 235 459
7 207	12 377	91 758	94 874	48 927	19 644	7 740	100 400	60 688	30 071	615 646
20 419	58 621	22 278	5 175	31 648	61 702	70 843	23 545	8 252	4 265	614 336
17 146	173 450	93 264	88 926	93 625	48 569	31 204	56 871	23 922	4 147	929 206
7 812	5 705	2 081	1 084	4 750	3 994	1 623	13 717	5 155	3 569	100 380
3 149	9 448	13 666	13 016	22 121	10 707	6 008	30 626	7 087	9 385	214 280
215 385	651 696	548 949	481 027	610 016	716 602	732 276	732 313	403 710	142 756	10 239 939

Tabell II. Talet på

	Østfold	Akershus og Oslo	Hed- mark	Opp- land	Buske- rud	Vest- fold	Tele- mark	Aust- Agder
Hestar:								
Under 1 år (føl)	118	126	165	306	111	76	81	24
1 og 2 år	291	248	322	753	238	115	136	77
3 og 4 år	4 816	5 166	7 467	8 610	4 459	2 878	3 783	2 190
5—16 år								
17 år og meir								
I alt	5 225	5 540	7 954	9 669	4 808	3 069	4 000	2 291
Storfe:								
Spekalvar (under 1 mnd.)	1 040	743	987	597	392	843	537	159
Kalvar (1 mnd.—1 år)	12 809	14 363	26 145	32 815	11 899	8 786	6 967	3 781
Oksar { 1—2 år	2 650	1 767	1 788	3 097	1 687	2 760	802	655
{ over 2 år	497	421	179	168	166	117	95	86
Kviger (ikkje hatt kalv)	8 363	8 582	10 793	11 423	4 258	5 431	2 663	1 493
Kyr (hatt kalv)	27 908	29 177	42 179	53 504	20 273	14 299	14 701	7 657
I alt	53 267	55 053	82 071	101 604	38 675	32 236	25 765	13 831
Sauer:								
Under 1 år (lam)	334	5 249	43 014	61 319	31 855	1 101	20 915	17 148
Over 1 år	471	5 126	40 360	54 514	27 359	1 360	18 086	14 694
I alt	805	10 375	83 374	115 833	59 214	2 461	39 001	31 842
Geiter:								
Under 1 år (kje)	3	8	1 912	3 529	837	3	651	6
Over 1 år	3	14	8 790	12 379	1 698	4	2 745	13
I alt	6	22	10 702	15 908	2 535	7	3 396	19
Svin:								
Under 6 mndr.	39 855	49 417	53 316	43 786	16 777	27 032	11 610	7 652
Over 6 mndr.:								
Slaktesvin	3 928	4 552	1 488	4 289	2 670	2 042	343	271
Avlsrånar	324	281	219	399	152	208	80	77
Avlspurker	8 778	7 390	6 505	9 370	1 819	3 349	1 139	726
I alt	52 885	61 640	61 528	57 844	21 418	32 631	13 172	8 726
Vaksne høner	293 387	256 514	211 306	122 795	120 163	183 266	116 558	60 500
Kjuklingar og unghøner	285 000	147 944	157 334	82 866	110 329	134 175	69 234	37 305

husdyr 20. juni 1962.

Vest-Agder	Rogaland	Hordaland og Bergen	Sogn og Fjordane	Møre og Romsdal	Sør-Trøndelag	Nord-Trøndelag	Nordland	Troms	Finnmark	I alt
30	351	203	384	78	143	114	49	—	—	2 359
102	358	232	484	241	575	198	235	112	9	4 726
2 429	7 471	6 008	5 245	4 973	7 503	4 948	5 070	3 299	637	86 952
2 561	8 180	6 443	6 113	5 292	8 221	5 260	5 354	3 411	646	94 037
521	1 034	788	465	1 647	2 333	2 551	1 499	536	252	16 924
8 895	39 081	22 449	25 752	30 579	33 130	28 888	33 926	14 862	4 650	359 777
1 677	13 692	3 066	2 792	3 982	4 785	4 813	2 713	1 010	283	54 019
108	412	228	193	266	256	296	347	94	38	3 967
4 380	16 822	7 341	7 189	9 784	10 940	11 665	6 568	3 495	874	132 064
16 013	69 907	41 462	39 469	48 095	46 076	39 449	45 808	28 441	7 633	592 051
31 594	140 948	75 334	75 860	94 353	97 520	87 662	90 861	48 438	13 730	1 158 802
21 429	176 729	113 455	110 790	72 725	66 967	31 730	99 931	78 820	20 256	973 767
18 920	161 635	109 945	114 491	68 347	58 305	30 882	85 173	61 684	19 119	890 471
40 349	338 364	223 400	225 281	141 072	125 272	62 612	185 104	140 504	39 375	1 864 238
2	360	1 532	5 775	3 805	533	730	1 728	3 308	161	24 883
1	1 657	2 474	12 269	7 619	1 441	3638	5 986	13 112	229	74 072
3	2 017	4 006	18 044	11 424	1 974	4 368	7 714	16 420	390	98 955
9 636	95 934	16 181	11 729	13 869	16 295	31 838	3 655	720	397	449 699
498	3 593	1 680	1 060	1 598	1 623	1 673	383	157	84	31 932
100	582	116	115	93	93	319	60	—	8	3 226
939	12 086	2 373	1 476	1 746	2 475	4 846	492	39	35	65 583
11 173	112 195	20 350	14 380	17 306	20 486	38 676	4 590	916	524	550 440
75 338	562 042	153 954	519 37	114 645	89 628	131 316	114 363	36 465	23 055	2 717 232
50 092	467 787	125 417	36 202	82 892	71 995	66 206	70 287	27 229	5 676	2 027 970

